

## **Tabell A-k**

### **Utgiftsutjamning o.a. for kommunane 2021**

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for kvar einskild kommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (bereken i kol. 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (bereken i kol. 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-k, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2020.

#### **Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell E-k. Ein indeks på 1 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell E-k, kolonne 25.

#### **Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar**

Utgiftsbehovet for 2021 er på landsbasis berekna til om lag 302,7 mrd. kroner, som utgjer 56 318 kroner per innbyggjar, basert på innbyggjartal per 1. juli 2020.

#### **Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kommunen i kroner per innbyggjar**

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov (kol. 2) på landsbasis multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar kommune og vist i kroner per innbyggjar.

#### **Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i kommunen**

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

#### **Kolonne 5 – Samla omfordeling for kommunen (1 000 kr)**

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5 og er rekna ut ved at omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen per 1. juli 2020 (tabell F-k, kol. 2).

#### **Kolonne 6 – Trekk i korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular**

I korreksjonsordninga får kommunane eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. Samla trekk blir ført tilbake til alle kommunane etter deira del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen. For ein nærmare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Til grunn for trekket ligg elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2019 (tal frå Kunnskapsdepartementet), jf. tabell F-k, kol. 34–36. Kostnader til skuleskyss inngår ikkje i satsgrunnlaget for korreksjonsordninga.

Tabellen under viser trekksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2021.

Trekksatsane per elev for korreksjonsordninga i 2021	(kroner)
Vanleg undervisning	105 600
Spesialskular	321 100
Opphald/innlosjerte ved skulen	339 200

**Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk i korreksjonsordninga**

Samla trekk i korreksjonsordninga for alle kommunar (sum for landet i kol. 6) blir ført attende til kvar einskild kommune etter kommunen sin del av utgiftsbehovet.

**Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

**Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inklusive korrekjon for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.